Sunnfjord kommune

# Korleis skifte passord på e-postadresse for folkevalde

Tidlegare har politisk sekretariat endra passordet for politikarane 2 gonger per år.

No kan du sjølv endre passordet, når det er utgått eller om du vil ha eit anna passord.

## Nye passordreglar for e-posten frå 01.01.2026

Det nye passordet **skal:**

- vere minst 16 teikn langt.
- innehalde minst éin stor bokstav
- innehalde minst eitt spesialteikn, mellomrom tel ikkje som spesialteikn men bruk det gjerne. Følgande spesialteikn er gyldige:
  **' - ! " # $ % & ( ) * , . / : ; ? @ [ ] ^ _ ` { | } ~ + < = >**
- ikkje innehalde namnet ditt
- vere unikt

Passord på over 16 teikn er vanskelege å gjette, men òg å hugse. Lag gjerne setningar, desse er vanskelege å gjette men enkle å hugse.

Ver kreativ – og hugs det skal vere vanskeleg for andre å gjette.

## Endre passord i Outlook på iPad

Trinn 1: Logg inn

1. Du må logge på e-posten her: https://epost.sysikt.no
2. Skriv **brukernamn –** sjå **rettleiing på siste side**
3. Skriv inn **gamalt passord** (fått på SMS frå politisk sekretariat).
4. Trykk **Logg på** ➜ Du er i innboksen!

Trinn 2: Endre passord

1. Ikkje utgått? Trykk på **tannhjulet** (innstillingar) øvst i høgre hjørne.
2. Vel **Alternativer** > **Generelt > Min konto > Endre passord**.




3. Skriv **gamalt passord** (fått på SMS frå politisk sekretariat) ➜ **nytt passord (2x)** ➜ **Lagre**.

Om passordet ditt er **utgått** kjem denne sida automatisk opp når du loggar inn.

1. Skriv **gamalt passord**.
2. Skriv **nytt passord (2x)** og trykk **Endre**.

### Trinn 3: Oppdater Outlook-appen

1. Opne **Mail-appen:**
2. Skriv **nytt passord** når du blir bedt om det (ved synk, exchange).
3. Får du ikkje beskjed om å endre passord på iPaden? Då kan du vente til den kjem, eller gå til Innstillingar ➜ Konto ➜ Passord ➜ Oppdater

# Finn brukarnamnet ditt på e-posten din på ipaden:

1. Gå på **innstillingar**-app  og vel **mail**
2. Klikk på **Exchange**




3. Trykk på **konto: e-postadressa**




4. I neste bilde ser du **brukarnamnet** ditt i fjerde linje, klikk på **Avbryt** oppe til venstre når du er ferdig.